



Anders Johan Austrheim
Austrheim
5943 Austrheim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9740 - 22/18777

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
07.03.2022

Orientering om vedtak om tilskot til landbruksføremål i Austrheim kommune for 2021 - Ny gjerdeteknologi - GBNR 156/13

Austrheim kommune viser til søknad av 14.11.2021.

Bakgrunn i saka

Anders Johan Austrheim søkte om tilskot til landbruksføremål 14.11.2021. Du søker om totalt 15 000 kroner i tilskot for innkjøp av ny gjerdeteknologi (Nofence). Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 60 000 kroner. Det er planlagt innkjøp av 20 Nofence klaver til storfe, for beite på utmarksareal på 600-700 daa.

Grunngjeving for vedtaket

Det kommunale tilskotet til landbruket skal leggja til rette for og styrkja landbruksdrifta i Austrheim, og vera til hjelp i samband med investeringar på bruk som mottak produksjonstilskot, eller andre tiltak som fremjer landbruket i kommunen. Formannskapet har i vedtak av 03.02.2022 løyvd midler til landbruksformål i Austrheim kommune for 2021, etter innstilling frå felles landbrukskontor for Alver, Austrheim, Fedje og Modalen. Orientering om vedtaket vert sendt ut av felles landbrukskontor/ Alver kommune, på vegne av Austrheim kommune.

Beiting i utmark er viktig for å hindre attgroing og ta vare på kystlandskapet. I tråd med retningslinjer for tildeling av tilskot til landbruksføremål i Austrheim vert innkjøp av ny gjerdeteknologi støtta med inntil 800 kr per klave, og maksimalt kr 15 000 per bruk.

Vedtak

Austrheim kommune har vedtatt å løyve inntil kr 15 000 til innkjøp av 20 stk Nofence klaver.

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.03.2025.

Rapportering og utbetaling

Før tilskot normalt kan utbetalast, må tiltaket vera gjennomført, og det må liggja føre skriftleg stadfesting på dette/gjerne med foto av gjennomført tiltak. Delutbetaling av tilskot kan etter

søknad betalast ut tilsvarende i prosent av det som er gjort ferdig av det totale tiltaket, som det er gjeve tilskot til. Delutbetalinga sin storleik avgjer landbrukskontoret. Når arbeidet er ferdig, eller delvis ferdig skal felles landbrukskontor ferdiggodkjenna tiltaket, og sørga for at det er levert inn timelister og kopi av faktura. Felles landbrukskontor sender skriftleg brev om at utbetaling kan skje til Austrheim kommune som betalar ut tilskotet.

Sluttrapport med skildring av kva som er utført og kopi av faktura sendast til post@austrheim.kommune.no

Misleghald

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtta, kan Austrheim kommune avgjera at tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis. Krav om tilbakebetaling av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 5 år etter utbetaling.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anders Johan Austrheim	Austrheim	5943	Austrheim
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	Austrheim

Mottakarar:

Anders Johan Austrheim	Austrheim	5943	Austrheim
------------------------	-----------	------	-----------